

Saksframlegg

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8902-63

Fylkestinget sitt årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

SAKSFRAMSTILLING

Fylkesrådmannen viser til fylkeskommunen si Eigarmelding 2015, samt til vedtekne rutinar for utøving av eigarstyring. Det er lagt opp til at fylkestinget skal ha årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS.

Fylkesordføraren vil innleie møtet som vald eigarutsending til selskapet. Deretter vil representant for selskapet orientere om hovudtrekka i årsmeldinga og årsrekneskapen, og om andre relevante og viktige saker. Det vert også høve til ei generell drøfting.

Konsernsjef, økonomidirektør og styreleiar møter på vegner av selskapet.

Det er ikkje lagt opp til at fylkestinget skal gjere vedtak i saka.